

05.11.2024

# Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø § 12

Skulane i Vik kommune

Revidert 05.11.2024.

Vik kommune

05.11.2024

## Innhald

<b>Innleiring:</b> .....	2
<b>Rettar, verdiar og lovverk</b> .....	2
<b>Definisjonar</b> .....	4
<b>Førebygging av krenkingar</b> .....	4
<b>Aktivitetsplikta:</b> .....	5
<b>Plikt til å fylgja med og avdekka krenkingar</b> .....	5
<b>Rutinar for å fremja eit trygt og godt skulemiljø og førebyggja krenkingar:</b> .....	7
<b>Samarbeid skule – heim:</b> .....	8
<b>Klasseleiing og klassemiljø:</b> .....	8
<b>Skulereglar</b> .....	9
<b>Relasjon lærar – elev</b> .....	9
<b>Klassemiljøet</b> .....	10
<b>Tiltak skulane set i verk for å medverka til gode relasjoner mellom lærar og elevar:</b> .....	10
<b>Årlege undersøkingar</b> .....	10
<b>Tilsyn i friminutt</b> .....	10
<b>Aktivitetsplikt for løysing av saker</b> .....	11
<b>Når skal ein varsla?</b> .....	11
<b>Kva er å avdekka ei sak?</b> .....	11
<b>Korleis undersøkje ei sak?</b> .....	12
<b>Tiltak og evaluering:</b> .....	12
<b>Arbeid i etterkant</b> .....	13
<b>Elevarbeid:</b> .....	13
<b>Overordna nivå:</b> .....	13
<b>Informasjon om handlingsplanen:</b> .....	13
<b>Åreg gjennomgang og revisjon av handlingsplanen:</b> .....	13
<b>Plikt til å dokumentera</b> .....	14
<b>§ 12-5.Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev</b> .....	14
<b>Kvalitetssikring og kontinuitet i arbeidet</b> .....	14
<b>Oppfølging frå skuleeigar</b> .....	15
Samtidig med mottak av melding om brot på reglar om eleven sitt skulemiljø .....	15
<b>Delta på evalueringsmøte.</b> .....	17
<b>Melding om mogleg brot på lovreglar i opplæringslova § 12.</b> .....	17
<b>Loggskjema ved observasjon</b> .....	18

Elev.....	18
<b>Førebuing til observasjon .....</b>	<b>18</b>
<b>Døme på skjema til observasjon.....</b>	<b>18</b>
<b>Aktivitetsplan iht. til opplæringslova § 12 .....</b>	<b>19</b>
Vedlegg 6.....	20
<b>Lovgrunnlaget .....</b>	<b>20</b>

## Innleiring:

Opplæringslova § 12 omtalar elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø:

**«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»**

Dette inneber at skulen har ansvar for å skapa eit godt læringsmiljø som fremjar den enkelte elev si faglege og sosiale utvikling, helse og trivsel i skulekvardagen.

Vik kommune ynskjer at alle som vender seg til skulen skal oppleva seg sett og høyrt og møtt på ein god måte. Særleg viktig er dette i § 12 – saker. Det er viktig at dei som melder ei sak vert møtt med vennlegheit og openheit, og at ein opplyser om korleis skulen vil undersøkja saka, og når ein kan venta seg ei tilbakemelding i saka.

For å sikra at det er trygt og godt læringsmiljø for alle på skulane **Feios og Flatbygdi**, er det viktig at det vert arbeidd systematisk og heilskapleg gjennom heile skuleåret. UDIR seier at:

**«Et systematisk arbeid er avgjørende for å skape et trygt og godt skolemiljø».**

Opplæringslova kapittel 12 om elevane sitt skolemiljø gjeld og for SFO.

Denne handlingsplanen byggjer på Opplæringslova, overordna del av læreplanen og Rammeplan for SFO.

## Rettar, verdiar og lovverk

### FN sin barnekonvensjon

FN sin barnekonvensjon gir born grunnleggjande menneskerettar. Barnekonvensjonen har m.a. følgjande sentrale prinsipp som skal vera førande med born ( Barnekonvensjonen 1989):

- Borna sin rett til vern mot diskriminering ( artikkel 2)
- Retten til liv og plikta til å sikra utvikling ( artikkel 3)
- Borna sin rett til å verta høyrd ( artikkel 12)

I arbeidet for eit trygt og godt skudemiljø er anerkjenning av eleven si oppleving og medverknad eit grunnleggjande prinsipp. Eleven skal verta teken på alvor av profesjonelle vaksne som tek ansvar for å følgja opp i saka når dei fortel om korleis dei har det.

## **Opplæringslova**

Opplæringslova kapittel 12 omtalar elevane sin rett til eit trygt og godt skudemiljø, og skulen si plikt til å ivareta dette:

### **§ 12 – 2 Retten til eit trygt og godt skudemiljø**

Alle elevar har ei individuell rett til eit trygt og godt skudemiljø som fremmar helse, inkludering, trivsel og læring. « *Skudemiljø*» omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet.

### **§ 12 – 3 Nulltoleranse og førebyggande arbeid**

Skulen skal ikkje godta krenkande oppførsel, som t.d. mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Skulen skal arbeida kontinuerleg for at alle elevane skal ha det trygt og godt.

### **§ 12 – 4 Plikt til å sikra eit trygt og godt psykososialt skudemiljø ( aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)**

Alle som arbeider på skulen skal fylgja med på korleis elevane har det, og om mogleg gripa inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skulen skal meld i frå til rektor, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skudemiljø, og når ein elev sjølv seier at ho/han ikkje har det trygt og godt. Skulen skal snarast undersøkja saka og retta opp i situasjonen med eigna tiltak.

Skulen skal laga ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå:

- a. Kva problem tiltaka skal løysa
- b. Kva tiltak skulen har planlagt
- c. Når tiltaka skal gjennomførast
- d. Kven som skal gjennomføra tiltaka
- e. Når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentera kva som vert gjort for å oppfylla aktivitetsplikta etter fyrste og andre ledd, i den form og omfang som er naudsynt.

## Definisjonar

**Krenkande åtferd** er eit felles omgrep på alle former for åtferd som uoverlagt eller tilskikta rammer andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkande åtferd kan vere ei enkelhandling eller gjentekne hendingar.

**Mobbing** er gjenteken negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot en elev. Gjenteken erting på ubehageleg og sårande måte er og mobbing.

**Utestenging** tyder at nokon vert helde utanfor ein gruppe eller klasse.

**Vald** inneber at nokon brukar fysisk makt for å skade andre.

**Rasisme** inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, til dømes fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.

**Diskriminering** tyder at ein person vert dårligare behandla eller trakassert på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.

## Førebygging av krenkingar

Skulane skal arbeide kontinuerleg og systematisk for eit trygt og godt skolemiljø for elevane. Skulane skal årleg gjennomføre ei risikoanalyse av mogleg brot på § 12, og setje i verk eventuelle tiltak.

## Aktivitetsplikta:

### **§ 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)**

Alle som arbeider på skulen, skal følgja med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Ein tilsett som får kjennskap til eller oppdagar krenkingar eller mobbing har aktivitetsplikt etter Opplæringslova kapittel 12. Aktivitetsplikta omfattar:

1. Å følgja med
2. Å gripa inn
3. Å varsla rektor
4. Å undersøkja ved mistanke
5. Å setja inn eigna tiltak

Skulen skal dokumentera kva som vert gjort i den konkrete saka for å oppfylla aktivitetsplikta, evalueringar og den vidare oppfølginga av saka.

Det er eleven si eiga subjektive oppleving som avgjer når tiltaksplikta vert utløyst og kor lenge den varer. Skulen si aktivitetsplikt gjeld til eleven opplever at det er trygt og godt å vera på skulen, og så lenge det finst eigna tiltak som ein rimeleg kan venta vert sett inn. Det må tydeleg liggja føre i skulen sin dokumentasjon, at eleven er hørt gjennom heile prosessen.

## Plikt til å fylgja med og avdekka krenkingar

Det er viktig å fylgje med på at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Difor må alle tilsette ved skulen vere merksame slik at dei kan fange opp mistanke om- og følgje opp og avdekke krenkingar.

Dei tilsette har ei plikt til å fylgja med på korleis elevane er mot kvarandre, og korleis dei har det på skulen.

Plikta til å fylgja med skal sjåast i samanheng med skulen si plikt til å driva eit systematisk arbeid for å førebyggja og avdekka om elevar ikkje har det trygt og godt på skulen.

Dei tilsette må difor vera til stades i elevane sin leik og medverknad. På denne måten kan dei oppdaga mobbing og krenkingar.

### Rutinar for å fylgja med på skulane:

- **Vakt og tilsyn:** Dette skal gjerast etter tydelege omtale av korleis dette skal gjerast og kva ein skal «sjå etter». Dette gjeld kvar dag heile skuleåret. **Ansvar:** Rektor og dei tilsette.
- **Det sosiale miljøet i kvar einskild klasse :** Er tema på stegmøte. Dette gjeld kvar veke heile skuleåret. **Ansvar:** kvar einskild kontaktlærar
- **Klassemiljøundersøking ( elevundersøking, klassetrivsel, skulebidragsindikator m.m.):** Er tema i klassane spesielt og på skulen generelt. Dette gjeld haust og vår. **Ansvar:** rektor ilag med kontaktlærar.
- **Elevane sitt sosiale miljø:** Er tema i den gjennomgangen som kontaktlærarane har i drøftingane av klassen. Dette skal gjerast haust og vår. **Ansvar:** kontaktlærar. Det skal rapporterast vidare til rektor.
- **Elevsamtalar:** *2 x i året ( minimum)*. **Ansvar:** kontaktlærar.
- **Utviklingssamtalar:** Her skal elevane svara på spørsmål om krenking, trivsel og mobbing. **Ansvar:** Kontaktlærar. Det skal rapporterast vidare til rektor.
- **Elevundersøkinga:** gjennomført for 7. og 10. klasse. Resultata vert analyserte i administrasjonen på skulen, og teke vidare opp med dei tilsette, i teama, i elevrådet og SU/FAU.
- **Trivselsundersøkingar ( 1. – 3. klasse) / Spekter ( 4. – 10. klasse)** to gonger i året.
- **Elevrådet har trivsel, krenkingar og mobbing som felles tema minst 2 x i året.**  
**Ansvar:** Rektor
- **Det sosiale miljøet i klassen:** skal vera tema på kvart foreldremøte. **Ansvar:** kontaktlærar.

**Vaksne som ser, spør og bryr seg kan meir finna ut om noko er gale!**

## Rutinar for å fremja eit trygt og godt skolemiljø og førebyggja krenkingar:

- **Plan med tydelege mål og eit årshjul for arbeidet med skolemiljøet:** planen skal ta utgangspunkt i « plan for eit trygt og godt skolemiljø ved flatbygdi skule – Vik kommune». I dette arbeidet må ein gjera seg nytte av andre instansar i kommunen og utanfrå. t.d. Læringsmiljøsenteret i Stavanger ( UIS), PPT, helsejukepleiar, barnevern. **Ansvar:** rektor
- **Opplæring og informasjon til alle tilsette om:** skulen og kommunen sitt ordensreglement ( Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Vik kommune) og plan for eit trygt og godt skolemiljø på flatbygdi skule – Vik kommune. Dette skal gjerast på *felles planleggingsdag* kvar haust ved skulestart. **Ansvar:** rektor
- **Alle tilsette på skulen skal drøfta:** kva kjenneteiknar eit godt skolemiljø, når skal ein gripa inn ( kvar går grensa for å gripa inn), når skal ein varsle leiinga ved skulen. Dette skal gjerast *kvar haust ved skulestart*. **Ansvar:** rektor
- **Alle foreldre og føresette vert gjort kjend med ordensreglementet til skulen:** Dette skal gjerast *kvar haust ved skulestart*. **Ansvar:** rektor
- **Samarbeidsutvalet ( SU) skal gjerast kjend med ordensreglementet til skulen og planen for eit trygt og godt skolemiljø:** Dette skal gjerast *kvar haust ved skulestart*. **Ansvar:** rektor
- **Alle elevar vert gjort kjende med kva som er krenkande åtferd, og korleis dei kan melda i frå om mobbing.** Dette skal gjerast *kvar haust ved skulestart*. **Ansvar:** rektor
- **Fokus på at vaksne skapar vennskap:** Dette skal gjerast *kvar haust ved skulestart*. **Ansvar:** rektor

- **Elevrådet drøftar ulike tiltak knytt til skulemiljøet.** Dette skal gjerast *kvar haust ved skulestart*. **Ansvar:** rektor
- **Administrasjonen går gjennom elevundersøkinga ilag med tilsette, elevrådet og SU/FAU.**

## Samarbeid skule – heim:

Skulen har ansvaret for kvaliteten i samarbeidet mellom skule og heim. Gjennom m.a. foreldreråd og via foreldremøte, foreldresamtalar og anna kontakt, skal skulen halda foreldre orienterte om tilhøve som er vesentleg for skulemiljøet.

Ein veit m.a. frå forsking og ulike offentlege dokument at eit godt samarbeid mellom skule og heim kan bidra til betre læringsutbytte for elevane. Eit godt samarbeid er og positivt for foreldra, på den måten at læraren får betre innsikt i eleven sine behov.

Skulen har ei lovfesta plikt til å gje elevar og foreldre informasjon om rettane etter kapittel 12 i Opplæringslova.

**Foreldra** har likevel eit medansvar for å skapa eit godt fellesskap mellom elevane. Dette kan foreldra gjera med å gjera ein innsats for å verta kjende med vaksne og born på skulen.

Skulen skal ha eit ope og aktivt samarbeid med føresette:

- Arbeidsplanar
- Kontakt ved behov
- Foreldremøte – elevsamtalar – utviklingssamtalar
- FAU – møte
- Samarbeidsutval

## Klasseleiing og klassemiljø:

Klasseleiing er svært viktig i arbeid med læringsmiljøet. Dvs arbeidet med å leia klassen slik at læraren bidreg med elevane si faglege, sosiale og emosjonelle utvikling.

Utdanningsdirektoratet (UDIR) seier at klasseleiing er leiing av grupper, einskildeleven som aktør i ei gruppe og om korleis læraren legg til rette for læring i fellesskapet av elevar:

*«Ledelse handler om å ha blick for den enkelte elev og samtidig ha overblikk over klassen som faglig og sosialt fellesskap. Samtidig krever ledelse utvikling av strukturer, rutiner og kultur. Relasjoner og samspill, samarbeid mellom skolens ansatte og muligheter for kompetanseutvikling har også betydning» ( [www.udir.no](http://www.udir.no))*

I arbeidet med klasseleiing trekkjer UDIR fram følgjande perspektiv:

- **Strukturperspektivet:** dvs det læraren gjer for å skapa tryggleik og oversikt gjennom råmer og struktur
- **Kulturperspektivet:** dvs det læraren gjer for å skapa trygge relasjonar gjennom felles normer og kultur
- **Læringsperspektivet:** dvs det lærarar gjer i samarbeid med elevane for å sikra meistring og utvikling/framgang eller auke i eleven si faglege og sosiale læring

Klasseleiing er at alle desse perspektiva utfyller og supplerer kvarandre, og er samla sett læraren sitt ansvar og oppgåve som leiar. Difor: klasseleiing.

Læraren skal arbeida med alle perspektiva parallelt!

**Begge skulane** har jamt og godt fokus på klasseleiing. Klasseleiing handlar i stor grad om å handtera situasjonar, og at ein leiar aktiviteten i klasserommet på ein måte som skapar læring. Elevundersøkinga vert nytta til å ta tak i utfordringar, kva fungerer? Kva fungerer ikkje? Kvar «skoen trykkjer». Skulane har både rutinar, opplæring og skulering av alle lærarane på skulen i klasseleiing.

### ***Skuleregler***

Er eit viktig reiskap for å oppfylla retten eleven har til eit godt skolemiljø. Føremålet med skulereglane er å regulera åtferda til elevane og på den måten sikra eit godt psykososialt miljø for alle.

### ***Relasjon lærar – elev***

Lærar er ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til:

- Lærar er ansvarleg for samhandling med eleven
- Lærar lyttar til elevane og viser dei respekt
- Elevsamtalet er verktøy for relasjonsbygging
- Samtalar med elevane der fysisk, psykisk og digital mobbing er tema
- Tilsyn i friminutta etter tilsynsplan, der lærar og andre tilsette samhandlar, sirkulerer og observerer elevmiljøet

## Klassemiljøet

Lærar er ein tydeleg klasseleiari, slik at elevane opplever at det er trygt å vera i klasserommet:

- Klassereglar
- Klasserådsarbeid som vert rettleia av lærar
- Trivselstiltak
- Lærar er ein positiv rollemodell
- Lærar har fokus på å fremja positiv åtferd
- Fokus på nettverk

## Tiltak skulane set i verk for å medverka til gode relasjonar mellom lærar og elevar:

- Elevrådsarbeid
- Leggja til rette for trivselsfremjande aktivitetar
- Ha fokus på eit trivselsfremjande utedmiljø og gode fysiske tilhøve
- Systematisk arbeid med det psykososiale miljøet
- Kontinuerleg arbeid med å auka kompetansen i personalet i høve klasseleiing og tolking av det sosiale samspelet
- Skulane har verktøy for å trena sosial kompetanse og det å byggja eit godt klassemiljø
- Rutinar som sikrar at dei tilsette kjenner til aktivitetsplikta og kva dette inneber. Dette gjeld alle som jobbar ved skulen, også vikarar

Aktivitetsplikta vert utløyst når ein elev seier i frå eller ein tilsett får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jamfør opplæringslova § 12.

## Årlege undersøkingar

- Trivselsundersøkinga for alle elevar på alle trinn. Oppfølging av resultat i etterkant
- Skolemiljø og trivsel som tema i elevsamtalar mellom elev og lærar
- Skolemiljø og trivsel som tema på foreldremøte
- Leggja vekt på kor viktig det er å seia i frå til ein voksen når noko ikkje er bra
- Ta opp tilskodarrolla: passive elevar som forsterkar mobbesituasjonen ved å vita om at noko uønskt skjer

## Tilsyn i friminutt

Lærarar og andre tilsette som samhandlar, sirkulerer og observerer i friminutta:

Elevar som går mykje for seg sjølv

Samspelet mellom elevar

Språkbruk

Kroppsspråk

## Aktivitetsplikt for løysing av saker

Alle som arbeider på skulen, skal fylgja med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, gripa inn mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg, samt varsle rektor.

## Når skal ein varsle?

**All** mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø skal varslast til rektor. Det skal vera låg terskel for kva som skal til. Dvs at den tilsette får «mistanke om» eller «kjennskap til».

Dersom ein elev seier i frå om at ho/han ikkje har det trygt og godt på skulen, «kvalifiserer» dette til at den tilsette får «kjennskap til» eller «mistanke om».

Mistanke/kjennskap til kan og byggja på observasjonar, melding frå foreldre eller medelevar, m.m.

**Alle som arbeider på skulen** har ei plikt til å gripa inn og til å varsle rektor same dag, dersom dei får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt.

**Rektor** har ansvar for å varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Vurderinga av «alvorleg tilfelle» må gjerast.

I tilfelle der vaksne krenkar elevar skal rektor straks varsle skuleeigar.

Skulen skal difor:

**Fylgja med, gripa inn, varsle**

**Avdekka: undersøkja sak**

**Setja inn tiltak**

## Kva er å avdekka ei sak?

Å avdekka ei sak vil seia at ein skal:

- ❖ Kartleggja - undersøkja
- ❖ Ha samtale med eleven
- ❖ Gjera systematisk observasjon
- ❖ Refleksjon

## Korleis undersøkje ei sak?

Kva har skjedd?

Ei undersøking skal få fram:

- ❖ Fakta i og omkring situasjonen ( samtale med foreldre, møte, samtale med eleven m.m.).
- ❖ Bakgrunn for eleven si oppleveling av å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø (observasjon m.a. og dokumentasjon). Når ein observerer er det viktig å på førehand verta samde om:
  - Kva som skal observerast
  - Kven ein skal fokusera på
  - Kva situasjonar og korleis dette skal dokumenterast

Nokre gonger gjeld dette forhold på fritid. Mange gonger opplever ein at dette påverkar eleven sin kvardag på skulen.

*Dokumentasjon:*

Dokumentasjon frå observasjonar og samtalar skal gje grunnlaget for dei tiltaka som vert sette inn.

Det skal skrivast referat frå alle samtalar med elevar og foreldre.

## Tiltak og evaluering:

Skulen skal setja inn tiltak som eg eigna til å løysa eleven sine problem og sikra at eleven får eit trygt og godt. Det skal og setjast inn tiltak overfor elevar som krenker.

*Samarbeid med ev andre instansar:*

Aktuelle samarbeidsinstansar:

- Helsejukepleiar
- PPT
- BUP
- Barnevern
- Politi
- Beredskapsteam mot mobbing

## **Arbeid i etterkant**

### **Elevarbeid:**

Etter at ei mobbesak er løyst og tiltaka har fungert, vil det vera naudsynt å arbeida strategisk i høve til dei ulike partane: mobbeoffer, mobbarar og tilskodarar.

Beredskapsteam mot mobbing kan og ha ei rolle her.

Kontaktlærar og skuleleiinga/kommuneleiinga drøftar eventuelle tiltak i etterkant, avhengig av alvorsgraden i saka.

Tiltak:

- Samtalar i elevgruppa der det har vore mobbing
- Følgja opp mobbeoffer ( den som vert mobba, plaga eller trakassert)
- Følgja opp mobbaren ( den som utøver mobbinga)
- Halda fram med å kommunisera med føresette

Ansvarleg: kontaktlærar i samråd med skuleleiinga

Dersom tiltaka ikkje har fungert og mobbinga held fram, er det naudsynt med ytterlegare tiltak. Ein måte å gjera dette på kan vera å få ekstern hjelp.

### **Overordna nivå:**

Kvar einaste mobbesak skal avsluttast med ei evaluering. Kva har fungert? Kva har ikkje fungert/fungert dårlig, og må gjerast betre?

Leiinga ev saman med aktuelle partar drøftar kva ein kan læra i organisasjonen av denne saka med tanke på førebyggja og løysa mobbesaker.

### **Informasjon om handlingsplanen:**

Nytilsette, nye elevar og føresette må verta gjort kjende med planen slik at dei kan ta del i skulen sitt arbeid for å skapa eit trygt og godt skudemiljø.

Ansvarlege: Skuleleiinga informerer dei tilsette/nytilsette. Kontaktlærar informerer nye elevar og føresette.

### **Årleg gjennomgang og revisjon av handlingsplanen:**

For å gjera planen til eit aktivt verktøy i skulen, vil det vera naudsynt med årleg gjennomgang for å vurdera om planen fungerer tilfredsstillande eller om det er naudsynt med revisjon

## Plikt til å dokumentera

Skulen skal dokumentera skriftleg korleis ein arbeider for at elevar har det trygt og godt på skulen.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skjemaet «meldeskjema § 12 » nyttast. Skjemaet skal fyllast ut av den tilsette som har fått mistanke/kjennskap til manglante trivsel hjå eleven. Utfylt skjema skal leverast rektor med det same. Rektor har ansvar for at saka vert fylgt opp med undersøkingar og eventuelt eigna tiltak. Kontaktlærar skal vere involvert og orientert.

Skulen skal vidare dokumentera kva tiltak ein planlegg å gjennomføra, gjennom ein aktivitetsplan: «Aktivitetsplan iht. opplæringslova § 12».

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig. Skulen skal vidare dokumentera både tiltaka (aktivitetsplan) og arbeidet som vert gjort for å oppfylla aktivitetsplikta. Sjå oversikt over saksgang. I tillegg kjem nødvendige referat frå møter i saka.

### **§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev**

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen direkte.

## Kvalitetssikring og kontinuitet i arbeidet

For å førebyggje, avdekke og stoppe krenkingar og mobbing må ein sikre eit kontinuerleg fokus og arbeid. Det er derfor nødvendig med ein halvårleg gjennomgang og eventuell revisjon av handlingsplanen. Det krev samtidig at alle tilsette har kjennskap til innhaldet i og forpliktar seg på dei ulike prosedyrar som er beskrive i planen. Av den grunn skal planen vere eit tema årleg i august på planleggingsdag på alle skular

Skulen skal minimum 2 gonger pr år gjennomgå alle innmeldte § 12 saker, gjennomføre ei risikovurdering innan **1. februar** og eventuelt lage ein tiltaksplan for å betre skulen sitt sosiale læringsmiljø der ein ser det som naudsynt. Skulane sender inn rapport på tal § 12 saker, samt skulen sine risikoanalysar og tiltaksplanar **seinast innan 01. februar kvart år**. Tema skal drøftast på første fagmøte etter nyttår.

## Oppfølging frå skuleeigar

Skuleeigar har ansvar for at rapportane frå skulane vert gjennomgått i administrasjonen, og skuleeigar skal innan **15. mars lage ein plan for eventuell oppfylging**. Skuleeigar skal saman med skuleleiarane lage ei risikoanalyse, samt ein oppfylgingsplan – anten på kvar skule eller felles for skulane i kommunen, der ein vurderer det som naudsynt.

Innhaldet i planen skal takast med under tilstandsrapporten som vert lagt fram politisk.

Vedlegg 1

## Saksgang i samsvar med Opplæringslova kap. 12

Kva	Når	Dato/sign
Rektor blir informert om saka. Den som melder saka fyller ut skjema; Melding om eleven sitt skolemiljø. Rektor mottek skjemaet «Melding om eleven sitt skolemiljø» som beskriv hendinga og korleis skulen har gripe inn i situasjonen. Avklare om kven som fyl opp den aktuelle saka		
Rektor dokumenterer saksgang i dette skjemaet og sikrar at krava i aktivitetsplikta blir oppfylt; plikta til å gripe inn, varsle, undersøke og eventuelt setje inn tiltak.	Samtidig med mottak av melding om brot på reglar om eleven sitt skolemiljø	

<p><b>Rektor/den som har ansvar for saka</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kallar inn til møte det type undersøkingar som skal gjennomførast blir avklart, avdekke kva som har skjedd og finne andre tiltak som vil vere føremålstenelege.</li> <li>- Undersøkingane kan være observasjon av elevane i friminutt eller læringsituasjon, samtalar med dei som er involvert eller som veit noko om saka (elevar og foreldre/føresette), ikkje-anonyme undersøkingar, kartleggingsverktøy (Innblikk) eller sosiogram. Det skal førast logg over aktivitetane og ev. tilhøyrande referat</li> </ul>		
<p><b>Kontaktlærar/tilsette som melder saka skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vere med på samtale med den som fremmar saka. Den tilsette styrer denne samtales basert på meldingsskjema</li> <li>- Delta på møte rektor</li> <li>- Delta i undersøkingane i saka</li> <li>- Føre logg iver undersøkingane</li> <li>- Drøfte med ass. Rektor/rådgjevar om saka skal avsluttast eller ikkje.</li> </ul>		
<p>Deretter avsluttar ein saka eller ein utarbeider ei problemanalyse av eleven sitt skolemiljø. Skulen skal i analyse identifisere faktorar som påverkar eleven sitt skalemiljø. Analyse skal danne grunnlaget for tiltaka i aktivitetsplanen</p>		
<p>Skulen set inn tiltak og dokumenterer tiltaka i ein aktivitetsplan; Aktivitetsplan i samsvar med Opplæringslova kap.12 Aktivitetsplanen skal ta utgangspunkt i problem-analysen, Tiltaka som vert sett i verk skal betre dei problemområda som skulen har funne. Aktivitetsplanen skal vere konkret og tydeleggjere for eleven kva tiltak skulen set i gang. Eleven /føresette skal ha medverknad i utarbeidninga av planen</p> <p>Skulen skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kalle elev, føresette og tilsett inn til møte der aktivitetsplan vert oppretta.</li> <li>- Dokumentere tiltak, som er basert på problemanalysen, i ein aktivitetsplan.</li> <li>- Arkivera referat og aktivitetsplan i elevmappa/web-sak.</li> <li>- Avtale evalueringsmøte med involverte partar i møte der aktivitetsplanen vert oppretta.</li> <li>- Gjennomføre intern evaluering av tiltaka. Skrive referat frå dette møtet.</li> </ul>	<p>Innan 5 dagar etter mottak av melding</p>	

<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføre evalueringsmøte med involverte parter.           <ul style="list-style-type: none"> <li>o Avslutte saka eller oppdatere aktivitetsplanen.</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Kontaktlærar/ tilsette som melder saka skal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på møte om aktivitetsplan.</li> <li>- Skrive referat i møtet om aktivitetsplan.</li> <li>- Delta på evalueringsmøte.</li> <li>- Delta på intern evaluering av tiltaka.</li> </ul> <p><b>Delta på evalueringsmøte.</b></p>	<p>Innan 8 dagar etter mottatt melding.</p> <p>Innan 4 veker etter mottak av melding.</p>	
---	---	--

Vedlegg 2

## Melding om mogleg brot på lovreglar i opplæringslova § 12.

Unntatt offentleg innsyn:  
Offl. § 13, fvl. § 13,1

Skule                      Dato

Gjeld elev				
Saka er meldt av:				
Involverte personar:				
Hending (kort om saka):				
Dette har skulen gjort i saka:				
Anna relevant informasjon:				

Saka er avslutta etter undersøking:	Ja/nei
Saka gjeld eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø, § 12 og skal følgast opp med ein aktivitetsplan.	Ja/nei

Skjema skal fyllast ut av den som er uroleg for ein elev. Melding skal leverast til rektor.

Kopi til digitalt elevarkiv.

**Signatur meldar**

Vedlegg 3

## Loggskjema ved observasjon

Elev.....

### Førebuing til observasjon

Kva skal me observere?	
Kven av dei vaksne skal observere Kvar skal observasjonane gå føre seg	
Kor tid skal observasjonane gjennomførast?	
Kven skal vite om observasjonane?	
Anna:	

Vedlegg 4

## Døme på skjema til observasjon

Observasjonsskjema må justerast ut frå kva ein skal observere, og kan til dømes sjå ut som skjema under. Merk: Observasjonsskjemaet skal berre refererer til kva ein objektivt observerer, og skal ikkje innehalde observatøren sine tolkingar av situasjonen.

Observasjon	Kva ser ein?	Ev kommentarar
Kven vert ikkje invitert inn i leik eller grupper i klassen og i friminutt?		
Kven tek mykje plass, og er det nokon som ikkje får plass?		
Kven blir "borte" i elevgruppa?		

Kven får positiv eller negativ respons fra dei andre i samarbeid?		
Kven tek positive eller negative initiativ?		
Ser de nokre negative episodar?		
Anna:		

## Aktivitetsplan iht. til opplæringslova § 12

Unntatt offentleg innsyn:  
Offl. § 13, fvl. § 13,1

Skule: Dato: xx.xx.yyyy

ELEV:	
Kva saka gjeld:	
Dette har skulen gjort i saka:	
Problemanalyse	
Barnet sitt beste -vurdering:	
Konklusjon etter undersøking	

Vedlegg 5

**Desse tiltaka blir sett i verk for å sikre at retten til eit trygt skolemiljø blir oppfylt:**

Kva problem skal tiltaket løyse?	Planlagde tiltak ved skulen	Tid for gjennomføring Spesifikk beskriving.	Kva ligg til grunn for tiltaket? Kvífor er dette eit tiltak som kan ha positiv effekt?	Ansvar	Dato for evaluering av tiltaket

--	--	--	--	--

## Vedlegg 6

# Lovgrunnlaget

## Kapittel 12 Skolemiljøet til elevane

### § 12-1. Verkeområde for kapittelet

Dette kapittelet gjeld for skolen, leksehjelpordninga og skolefritidsordninga.

### § 12-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

### § 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

### § 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøke saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

### § 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

### § 12-6. Statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.

Kommunen og fylkeskommunen skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt plikta til setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren

vedta kva skolen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. [§ 10-7](#), eller vedta at ein elev skal byte skole, jf. [§ 13-2](#). Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.

#### **§ 12-7. Det fysiske miljøet**

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiaast slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skolen som har nedsett funksjonsevne.

Departementet gir forskrift om saksbehandlinga av saker som gjeld det fysiske skolemiljøet etter [§ 12-2](#) og [§ 12-7](#). I slike saker gjeld ikkje [§ 29-1](#).

#### **§ 12-8. Tvangsmulkt**

For å sikre gjennomføringa av vedtak etter [§ 12-6](#) kan statsforvaltaren og klageinstansen fastsetje tvangsmulkt for kommunar og fylkeskommunar. Tvangsmulkt kan fastsetjast samtidig med vedtaket eller seinare.

Ei avgjerd om tvangsmulkt får verknad når kommunen eller fylkeskommunen ikkje held fristen for gjennomføring av vedtaket etter [§ 12-6](#), og mulcta går til vedtaket er oppfylt. I vedtaket om tvangsmulkt kan det setjast ein seinare frist for gjennomføring enn den som vart sett etter [§ 12-6](#). Ei avgjerd om tvangsmulkt får ikkje verknad dersom det er uråd å rette seg etter vedtaket og den ansvarlege ikkje kan noko for det.

Avgjerda om tvangsmulkt skal behandlast etter reglane i [forvaltningsloven kapittel IV](#) og [V](#).

Mulcta går til statskassa. I særlege tilfelle kan tvangsmulcta reduserast eller falle bort.

Departementet kan gi forskrift om kva slags tvangsmulkt som kan nyttast, og om kor stor mulcta skal vere.

#### **§ 12-9. Straffansvar for brot på reglane om skolemiljø**

Med bot eller fengsel i opp til 3 månader blir den straffa som forsettleg eller aktlaust grovt eller fleire gonger bryt reglane i [§ 12-4](#) første ledd, [§ 12-4](#) andre ledd første punktum og fjerde punktum eller [§ 12-5](#). Det same gjeld ein rektor som på same viset bryt reglane i [§ 12-4](#) andre ledd tredje punktum.

Når det skal vurderast om brotet er grovt, skal det leggjast vekt på kva slags lovbro det er tale om, og kor stor skade det har ført til.

Dersom ein av reglane i [§ 12-4](#) første til andre ledd eller [§ 12-5](#) er broten av nokon som handlar på vegner av skolen, kan kommunen og fylkeskommunen straffast, jf. [straffeloven § 27](#).

Straffansvaret er forelda etter 5 år.

#### **§ 12-10. Bevisbyrde i erstatningssaker om psykososialt skolemiljø**

Dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje har følgt reglane om psykososialt skolemiljø i eller i medhald av [kapittel 12](#), skal det ved behandlinga av erstatningskrav etter [skadeserstatningsloven](#) leggjast til grunn at reglane ikkje er følgde, om ikkje kommunen eller fylkeskommunen gjer noko anna truleg.

### **Kapittel 13. Ordenstiltak og skadeførebygging m.m.**

0 Kapitteloverskrift endra ved lov [14 juni 2024 nr. 36](#).

#### **§ 13-1. Bortvising**

Kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje i forskrift om skolereglar etter [§ 10-7](#) at elevane kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på skolereglane, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen.

Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Elevar på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. trinn kan visast bort for opp til tre dagar. Foreldra skal få melding før ein elev på 1. til 7. trinn blir vist bort for resten av dagen. Elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for opp til fem dagar. Det kan også fastsetjast at elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for resten av skoleåret dersom Regelbrota er særleg alvorlege.

Det er rektor sjølv som vedtar bortvising frå opplæringa. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvaret for. Bortvisinga kan ikkje gjelde for meir enn to klokketimar. Fylkeskommunen kan ikkje delegera myndigheita til å gjere vedtak om at ein elev i den vidaregåande opplæringa skal visast bort for resten av skoleåret til den enkelte skolen.

#### **§ 13-2. Pålagt skolebyte**

Kommunen og fylkeskommunen kan gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skole dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevarar.

Ein elev skal ikkje flyttast dersom mindre inngrapande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Ein elev skal ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må flytte ut av heimen, eller gjer at dagleg skyss blir uforsvarleg. Ein elev i den vidaregåande skolen skal heller ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må byte utdanningsprogram eller programområde.

Kommunen og fylkeskommunen kan ikkje delegera myndigheita til å gjere vedtak om skolebyte til den enkelte skolen.

### § 13-3. *Førebygging*

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolen, leksehjelpa og skolefritidsordninga driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid for at det ikkje skal oppstå situasjonar der tilsette må gripe inn fysisk mot elevar.

0 Tilføyd ved lov [14 juni 2024 nr. 36](#).

### § 13-4. *Fysiske inngrep for å avverje skade m.m.*

Tilsette i skolen, leksehjelpa og skolefritidsordninga kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev

- krenker ein person fysisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare
- skader eigedom
- viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter paragrafen her.

0 Tilføyd ved lov [14 juni 2024 nr. 36](#).

### § 13-5. *Meldeplikt og dokumentasjon*

Ein tilsett som har nytt fysiske inngrep etter § 13-4, skal melde frå om det til rektor. Rektor skal melde frå til foreldra til eleven. Dersom det er nytt fysiske inngrep mot den same eleven fleire gonger, eller inngrepet er særleg alvorleg, skal rektor melde frå til kommunen eller fylkeskommunen.


Skolen skal dokumentere alle fysiske inngrep med ei kort omtale av hendinga, inngrepet som vart gjort, og eleven sitt syn på saka.

Vedlegg 7

## ROS- analyse

Sannsynlegheits-gradering (S)	Tal vurdering
Lite sannsynleg	1
Mindre sannsynleg	2
Sannsynleg	3
Mykje sannsynleg	4
Svært sannsynleg	5

Konsekvens (K)	Tal vurdering
Kor alvorleg kan konsekvensen vera?	
Liten konsekvens (dette lever me godt med)	1
Mindre konsekvens	2
Middels konsekvens (kan vera uheldig)	3
Stor konsekvens	4
Svært stor konsekvens (Katastrofalt)	5



**Internkontrollskjema for leiagrupsa i skule – risikovurdering på den enkelte skule:**

Nr	Kva kan gå gale?	Kor gale kan det gå?			Oppfølging Kva kan me gjera for å hindra dette, og kva kan me gjera for å redusera konsekvensane om det skjer?	Ansvarleg	Frist
		S	K	SxK			
	Mangelfull opplæring om § 12						
	Tilsette fylgjer ikkje rutinen						
	Dei tilsette melder ikkje avvik/skademelding						
	Skulen har ikkje felles forståing for omgrepa knytt til krenkande åtferd og handlingar						
	Skulen jobbar ikkje systematisk nok med krenkingar						
	Eleven si stemme vert ikkje høyrd						
	Tilsette som ikkje er tilsett på eininga får ikkje opplæring i rutinen						
	Rutinen er ikkje kjend for nye tilsette og vikarar						

Risikovurdering for leiargruppa i Oppvekst gjennomføring medio januar månad

Nr	Kva kan gå gale?	Kor gale kan det gå?			Oppfølging Kva kan me gjera for å hindra dette, og kva kan me gjera for å redusera konsekvensane om det skjer?	Ansvarleg	Frist
		S	K	SxK			
	Rektor melder ikkje frå til skuleeigar om tilsette krenker born eller ved alvorlege saker						
	Tidsfristar vert ikkje haldne						
	Skulane utarbeider ikkje tilstrekkeleg eller rett dokumentasjon						
Nr	Kva kan gå gale?	Kor gale kan det gå?			Oppfølging Kva kan me gjera for å hindra dette, og kva kan me	Ansvarleg	Frist
		S	K	SxK			

Nr	Kva kan gå gale?	Kor gale kan det gå?			Oppfølging Kva kan me gjera for å hindra dette, og kva kan me gjera for å redusera konsekvensane om det skjer?  gjera for å redusera konsekvensane om det skjer?	Ansvarleg	Frist
		S	K	SxK			
	Rektor melder ikkje frå til skuleeigar om tilsette krenker born eller ved alvorlege saker						
	Tidsfristar vert ikkje haldne						
	Skulane utarbeider ikkje tilstrekkeleg eller rett dokumentasjon						
	Det er brukt for lite tid til problemanalysen slik at tiltaka ikkje blir korrekte						
	Tid og kapasitet til sakshandsaming og tett nok oppfølging						
	Tiltaka løyser ikkje problema						
	Skular med mange saker fylgjer ikkje opp med systemtiltak						
	Skuleeigar er ikkje tett nok på i alvorlege tilfelle						
	Skuleeigar fylgjer ikkje opp skulane og skular med mange § 12 saker.						
	Avvikssystemet vert ikkje nytta eller avvik vert ikkje fylgt opp						